



Tingvoll, 30.6.2025

NVE [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Statsforvalteren i Møre og Romsdal, [sfmrpost@statsforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no)

Stranda kommune [post@stranda.kommune.no](mailto:post@stranda.kommune.no)

### **Nei til ny konsesjonshandsaming etter nylege avslag.**

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal vil oppmode NVE om å seie nei til ny konsesjonshandsaming av vassdrag som få år tidlegare har fått avslag på utbyggingssøknadar.

Høyringar av søknader skal sørge for at saker blir godt opplyste. Konsesjonssøknadane i konfliktvassdrag er svært krevjande for mange, mellom anna dei som talar på vegne av naturen. Vi har arbeidd mykje med mange av desse sakene, og så må vi til igjen få år etter. Det kan fort bli slik at mellom anna Naturvernforbundet ikkje vil arbeide gratis for å opplyse saker, men i staden går over til å bruke andre verkemiddel.

Enkeltsoeknadene kjem saman med krevjande vilkårsrevisjonar, anleggsrevisjonar der særleg auka effekt er eit moment og ny pågang på allereie verna vassdrag i form av flaumtiltak og arealbruk vernet ikkje verkar mot.

Det har vore ei enorm utbygging av småkraftverk i norske vassdrag etter 2000, også i Møre og Romsdal. Svært mange av sakene er handsama utan at ein har fått fram sumeffektar i tilstrekkeleg grad. Vi kan ikkje halde fram å bygge ut denne typen vassdrag utan at vi får ein total gjennomgang av verknadene som no kjem til syne etter nokre år i drift.

Vi kan ta eit døme frå Langedalselva i Sunnylven i Stranda kommune der det i samband med utbyggingssøknader blei dokumentert ein stor fossefallførekomst. Det var tale om meir undersøkingar, både på førehand og etter. Det har kome krav om utsetting av hekkekassar som generell medisin, men det er gjerne noko der også som ikkje er undersøkt når det gjeld verknad over tid.

NVE og småkraftnæringa har over lang tid sendt både tidige og utidige søknader på høyring. Naturvernforbundet er lei av å bli utnytta. Vi ber no om at typiske omkampssøknader blir avvist i porten hos NVE. Vidare at NVE får sett i gang undersøkingar som vi her har nemnt. I den grad det offentlege ikkje kjem til å bruke ressursar på dette, så tenkjer vi at småkraftnæringa som tener pengar på dette får legge pengar på bordet. Det er i alle fall ikkje Naturvernforbundet med innsamla middel sitt ansvar. NVE har bruk for at Naturvernforbundet sine folk ikkje blir slitt ut på utidige søknader.

Vi vil nemne litt meir om Langedalselva. Kraftverket vart handsama som ein del av ei småkraftpakke. Mange års sakshandsaming ende med at Langedalselva kraftverk og Haugedalselva kraftverk fekk avslag i OED i 2019, mens Røyhus kraftverk fekk konsesjon. No, berre 6 år etter vurderer kraftselskap (Tussa) igjen å lage til konsesjonssøknadar i Langedalselva og Haugedalen. Dei som fekk ja bygger, dei som fekk nei søkjer på nytt på ei «kake» som blir mindre og mindre.

Naturvernforbundet viser til vedtak og fråsegner om desse vassdraga frå før 2019.

- **NVE må seie nei til ny konsesjonshandsaming kort tid etter vedtak. Melding om dette må sendast kraftselskapa.**
- **Statsforvaltaren må ta opp att arbeidet med å sikre varig vern av resterande del av Langedalselva i Stranda kommune. Samla belastning av kraftutbygging i denne elva har blitt stor, og resten av elva må få renne fritt i all framtid.**

Beste helsing  
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Per Ingebrigt Karbø  
Fylkesleiar

Øystein Folden  
Fylkessekretær